



## Notat

**Ikkje off. § 23, 4.ledd**

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 2.april 2014

### Fjord 1

Fylkesutvalet gjorde i sak 1/14 (Skriv og meldingar, pkt. 7: «Notat om gjennomgang av fylkeskommunen sine eigarstrategiar») slikt vedtak:

«Fylkesutvalet syner til punkt 5 i FT sak 37/13. Fylkesutvalet nemner opp gruppeleiarane som medlemer av ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa skal gå gjennom fylkeskommunen sin eigarstrategi og førebu ei sak til fylkestinget i juni 2014. Arbeidsgruppa skal også vurdere notat av 20.01.2014 frå fylkesrådmannen, jf. nr. 3 i fylkesutvalssak nr. 1/14 og gje si vurdering til fylkesutvalet sitt møte i februar 2014. Fylkesrådmannen stiller til rådvelde sekretariatshjelp for arbeidsgruppa.»

Nemnde arbeidsgruppa hadde to møte – 5.02.14 og 26.02.14. Referata frå begge desse møta er vedlagt dette notatet – til FU si orientering.

I sistnemnde referat står det følgjande om Fjord1:

«For gjennomgangen av Fjord1 AS har arbeidsgruppa fått førelagt eit notat utarbeidd av advokatfirmaet Wiersholm frå fylkestingssak 42/11, saman med ein kort omtale av Fjord1 i notatet frå fylkesrådmannen om Fjord1 AS, SFE AS og Firda Billag AS.

Føremålet med eigarskapen i selskapet har endra seg undervegs. Eigarposisjonen representerer store verdiar og dette gjev fylkeskommunen eit incentiv til å sjå på om selskapet møter dagens eigarføremål. Arbeidsgruppa legg vekt på at det må ligge eit faktabasert grunnlag til grunn for ei avgjerd kring eigarposisjonen i selskapet. Arbeidsgruppa ynskjer difor å be fylkesutvalet om at notatet frå 2011 vert oppdatert med tanke på selskapet sin status, verdivurdering og selskapet sine framtidsutsikter.

Arbeidsgruppa sin leiar vil ta dette opp med fylkesutvalet i lukka sekvens på møte den 26. februar 2014.»

Dette vart følgd opp avslutningsvis i fylkesutvalet sitt møte 26.02.14.

I etterkant av dette har fylkesrådmannen vurdert den vidare oppfølginga. Saka har vore drøfta med nemnde advokatfirma og med fylkesordføraren, og gjennom fylkesordføraren har det også vore ein første kontakt mot styreleiaren i Fjord1. Fylkesrådmannen har ut frå dette bede Wiersholm om å kome eit utkast til mandat for eit vidare arbeid med saka. Utkastet følgjer vedlagt.

Slik denne saka no står vil fylkesrådmannen leggje dette notatet/mandatet til grunn for det vidare arbeidet med saka.

Dette til fylkesutvalet si orientering.

